

Sosialtenesta- årsak til høge utgifter

- Vinje kommune-

Forvaltningsrevisjonsrapport nr: 734 008

2008

Innhald

| | |
|--|------------|
| Samandrag | iii |
| 1 Innleiing | 1 |
| 1.1 Bakgrunn og bestilling | 1 |
| 1.2 Problemstillingar | 2 |
| 1.3 Avgrensing | 2 |
| 1.4 Bruk av begrep | 2 |
| 2 Metode og kvalitetssikring | 3 |
| 2.1 Val av metode..... | 3 |
| 2.2 Kvalitetssikring | 3 |
| 3 Revisjonskriterium | 4 |
| 3.1 Er sakshandsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i tråd med lovverket? 4 | |
| 3.2 Moglege årsaker til at det er høge utgifter til økonomisk sosialhjelp | 5 |
| 4 Fakta og funn | 5 |
| 4.1 Er sakshandsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i tråd med lovverket? 5 | |
| 4.2 Moglege årsaker til at det er høge utgifter til økonomisk sosialhjelp | 9 |
| 5 Revisor sine vurderingar og kommentarar | 13 |
| 5.1 Er sakshandsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i tråd med lovverket? 13 | |
| 5.2 Moglege årsaker til at det er høge utgifter til økonomisk sosialhjelp | 13 |
| Kjelder | 15 |

Samandrag

Det er den enkelte sakshandsamar som avgjer kva slags stønad som skal gjevast og berekninga av denne. Som revisor har vi sett på om sakene fyller krava i rundskriv og i høve til forvaltningslova generelt. Det vil mellom anna seie om det er gjort ei konkret og individuell vurdering, om det finst dokumentasjon på utgifter og om søknadsskjema er underskrive og datert. Kort sagt at saka skal vere opplyst så godt som mogleg og at vedtak skal vere begrunna.

Vi har funne at det i enkelte tilfelle manglar dokumentasjon på utgifter, og at klientar som blir bedt om å vise kvitteringar i ettertid, ikkje synast å ha gjort dette, sidan desse ikkje er å finne i saksmappa. Vidare er nokre søknadsskjema mangelfullt utfylt eller manglar underskrift.

I NAV- systemet er det slik at alle tilsette skal vere sakshandsamarar overfor klientar, både dei som sitt i mottaket og dei som sitt i oppfølgingsteamet skal om nødvendig fatte vedtak om sosialhjelp. Dei tilsette skal lære kvarandre sine fagfelt, slik at brukaren kan forhalde seg til ein person anten det gjeld arbeidssøkjartenester- økonomisk sosialhjelp eller tildeling av trygdeytningar.

Sidan NAV er nyoppretta har kanskje ikkje den kompetanseoverføringa som er naudsynt for dette skjedd enno. Dette gjev seg utslag i at nokon saker synast å vere betre greid ut, har betre grunngevingar for vedtak og meir dokumentasjon enn andre saker.

Det er truleg fleire årsaker til dei høge utbetalingane til økonomisk sosialhjelp.

KOSTRA- tala visar at det er relativt fleire sosialhjelpsmottakarar i Vinje enn i sammenlikningskommunane, det gjeld og i høve til gjennomsnittet i Telemark og landet elles. Samtidig er det færre personar med sosialhjelp/ introduksjonsstønad som hovudinntektskjelde i Vinje. Det tyder kanskje på at mange av dei som får økonomisk sosialhjelp i Vinje, i utgangspunktet har andre inntekter å leve av.

Behovsprofilen for Vinje syner at kommunen har låg arbeidsløyse, dette gjeld særleg blant den yngre delen av befolkninga. I aldersgruppa 25- 66 år er arbeidsløysa om lag den samme i både Tokke og Vinje kommunar, og lågare enn snittet i eiga KOSTRA- gruppe, gjennomsnittet i eige fylke og landsgjennomsnittet. Arbeidsløyse skulle difor ikkje vere nokon særkild årsak til høge utbetalingar av økonomisk sosialhjelp.

Kommunen har derimot ein noko høgare andel innvandrerar enn nabokommunen. Andelen innvandrerar er likevel på nivå med dei andre kommunane i KOSTRA- gruppa. Vi ser av artikkelen frå SSB at ein generelt kan seie at ein større andel innvandrerar treng sosialhjelp enn i befolkninga elles.

Samtidig uttalar kommunen at blant dei som har komme som flyktningar siste 20 år, er det ingen som er passive mottakarar av sosialstønad i dag. Vi legg til grunn at den gruppa kommunen siktar til her, også høyrer til blant dei som er rapportert som innvandrarar i kommunen. Dette tyder såleis at det ikkje er nokon grunn til å tru at den høgare andelen innvandrarbefolkning i Vinje skulle ha noko særskild innverknad på dei høge utbetalingane av økonomisk sosialhjelp.

Andelen einslege forsørgarar med stønad frå folketrygda og andelen uførepensjonistar i gruppa 16- 66 år er lågare i Vinje enn i sammenlikningsgruppene. Det er difor heller ikkje grunn til å tru at dette skulle vere ein særskild årsak til utgiftsnivået innan økonomisk sosialhjelp.

Totalt sett ser det difor ikkje ut til at ein ved å sjå på innbyggjarane sine behov, kan finne nokon særskilde årsaker til storleiken på utbetalingane av økonomisk sosialhjelp.

Når det gjeld indeksen for levekår har denne blitt forverra i perioden frå 2000- 2007. Det tyder på at omfanget av sosiale problem har auka i sjuårs- perioden, og kan tale for at behovet for økonomisk sosialhjelp kan ha blitt større.

Dei innrapporterte KOSTRA- tala kjem frå klientsystemet. Vi ser at det bare er små avvik mellom kva som er registrert i kommunen sin rekneskap og i klientsystemet. I det store og heile er dei utgiftene som er registrert på funksjon 281 i rekneskapen plassert rett, dvs. at dei har med utbetalingar av økonomisk sosialhjelp å gjere, jamfør retningslinene i KOSTRA- rettleiaren. Det er difor ikkje grunn til å tru at eventuelle feilføringar av utgifter er ein årsak til høge utgifter til økonomisk sosialhjelp i kommunen sin rekneskap.

Vi ser at husleigene i kommunale bustader er subsidiert dei tre fyrste åra. Vi ser og at i Vinje er ein større andel av dei kommunale bustadene tildelt vanskelegstilte enn i Tokke kommune. Det er såleis ikkje grunn til å tru at høge utgifter på bustadmarknaden skulle vere medverkande til utgiftsnivået på sosiale utbetalingar. På den andre sida ser det ut til at Vinje kommune dekkjer fleire utgifter utover rettleiande sats enn Tokke kommune (gjeld reiseutgifter og utgifter til fritidsaktivitetar). Dette kan vere ein delårsak til noko av forskjellen i storleiken på dei sosiale utbetalingane mellom desse kommunane.

Vi viser elles til NAV- leiar sine forklaringar på dei høge utbetalingane, sjå punktet ”andre tilhøve” på side 12.

Seljord, 7. oktober 2008
Telemark kommunerevisjon IKS

Björg Kaasa
forvaltningsrevisor

1 Innleing

Prosjektet er gjennomført som forvaltningsrevisjon. Heimel for forvaltningsrevisjon er å finne i kommunelova § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapittel 3.

Rapporten er utarbeidd med grunnlag i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon, fastsett av styret i Norges Kommunerevisorforbund og gjort gjeldande som god kommunal revisjonsskikk for prosjekt.

Rapporten er gjennomført på oppdrag frå kontrollutvalet, jfr. deira plan for forvaltningsrevisjon. Rapporten blir oversendt kontrollutvalet som skal rapportere vidare til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt, og resultatata av desse¹.

1.1 Bakgrunn og bestilling

Det er kjent frå tidlegare at det er store forskjellar blant kommunane når det gjeld utbetalingar til sosialhjelp. Ein artikkel² visar at sosialhjelpssatsane varierar og at kommunane har forskjellig praksis for korleis sosialstønad er berekna. Dermed kan støtta variere med fleire tusenlappar kvar månad, avhengig av kvar du bur.

Våren 2008 uttalte arbeids- og inkluderingsministeren at det skal førast tilsyn med utbetalingane av økonomisk sosialhjelp, for å sjå etter at kommunane fylgjer lova og gjev den sosialhjelpa folk har krav på. Det er fylkesmannen som skal utføre dette tilsynet.

Vinje kommune har over fleire år hatt høge utgifter til økonomisk sosialhjelp. Ein ser dette via KOSTRA tal, i ei samanlikning med andre kommunar/ grupper det kan vere aktuelt å samanlikne med. Økonomisk sosialhjelp er stønad (bidrag + lån) som vert gjeve med heimel i kapittel 5 i sosialtenestelova.

Revisjonen har tidlegare arbeidd med tilsvarande problemstillingar, men da som rekneskapsrevisjon. I 2003 vart føringane på funksjon 281, som skal innehalde all økonomisk sosialhjelp, undersøkt med tanke på om alle utgiftene som var ført på denne funksjonen var rett plassert. I 2005 vart tilsvarande problemstilling tatt opp igjen. Resultatet den gongen var at funksjon 281 var belasta med utgifter som ikkje hadde noko der å gjere. Det gjaldt m.a. kjøp av tenester frå Team Åmli og Vinje Vekst. Vedtaka bak desse utbetalingane var gjort etter kapittel 4.5 i sosialtenestelova. Funksjon 281 skal berre innehalde utgifter som har heimel i sosialtenestelova kapittel 5.

Kontrollutvalet har i plan for forvaltningsrevisjon bedt oss å greie ut kva årsaka kan vere til at det framleis er høge utgifter til økonomisk sosialhjelp.

¹ Forskrift om kontrollutval § 11 og forskrift om revisjon § 8

² www.kommunal-rapport.no

Nokon utvalgte KOSTRA- tal frå 2007

| | Vinje | Tokke | Gjennomsnitt gruppe 3 | Gjennomsnitt Telemark | Lands- gjennomsnitt |
|---|-----------|---------|--------------------------|--------------------------|------------------------|
| Netto driftsutgift til økonomisk sosialhjelp pr innbyggjar 20- 66 år | 2 132 | 466 | 1 005 | 1 589 | 1 314 |
| Andel netto driftsutgift til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid | 47,2 | 69,9 | 45,2 | 27,5 | 31,0 |
| Andel sosialhjelpsmottakerar i forhold til innbyggjarar 20- 66 år | 3,1 | 1,9 | 2,6 | 2,7 | 2,5 |
| Andel mottakerar med sosialhjelp/ introduksjonsstønad som hovudinntektskjelde | 27,0 | 31,1 | 35,0 | 49,4 | 47,8 |
| Årsverk i sosialtenesta pr 1000 innbyggjar | 0,55 | 0,93 | 0,92 | 1,01 | 1,19 |
| Gjennomsnittleg utbetaling pr. stønadsmånad | 8 835 | 6 092 | 6 189 | 7 341 | 6 197 |
| Andel sosialhjelpsmottakarar med stønad i 6 månader eller meir | 38 | 18 | 30 | 31 | 30 |
| Samla stønadssum (bidrag + lån) | 4 753 238 | 877 182 | 2 255 417 | 9 670 701 | 9 926 434 |

1.2 Problemstillingar

Formålet med prosjektet er å vise moglege årsaker til at kommunen har høge utgifter til økonomisk sosialhjelp.

Vi har formulera følgande problemstillingar:

1. Er sakshandsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i tråd med lovverket?
2. Moglege årsaker til at det er høge utgifter til økonomisk sosialhjelp

1.3 Avgrensing

Vi nyttar rapporterte KOSTRA data for 2007 ved samanlikning med andre grupper. Dette er dei reviderte tala pr. 4. juli 2007.

Gjennomgang av saker er gjort med omsyn til overordna reglar for sakshandsaming, m.a. i forvaltningslova.

Vi nyttar og opplysningar frå rekneskapssystemet i kommunen og klientsystemet i NAV for åra 2005- 2007.

1.4 Bruk av begrep

Det vert nytta fleire begrep som visar til det samme i denne rapporten. Grunnen til dette er at dei ulike kjeldene vi nyttar, forhold seg til ulike begrep. Innhaldet i begrep som økonomisk stønad, sosialstønad, økonomisk sosialhjelp, stønad, bidrag eller berre sosialhjelp er det samme.

Nav Vinje vert som oftast forkorta til NAV i denne rapporten.

2 Metode og kvalitetssikring

2.1 Val av metode

Den fyrste problemstillinga er normativ, medan den andre er beskrivande, dvs. at det ikkje er nokon revisjonskriterier å måle fakta opp mot. Den andre problemstillinga handlar om årsakssammenhengar, og ikkje om noko er rett eller gale i høve til eit sett av reglar.

Revisor har henta inn opplysningar på ulike måtar, hovudsakleg ved bruk av kvalitative metodar, dvs. møte med tilsette i NAV Vinje.

Revisor har hatt møte med leiar ved NAV Vinje, for å få generell informasjon om rutine knytt til sakshandsaming av økonomisk sosialhjelp samt generell innføring i saksområdet.

Revisor har hatt møte med ein veileidar ved NAV for å gå gjennom dei enkelte rutine ved sakshandsaming, stønadsberekning m.m. Revisor har deltatt på eit møte som vert halde kvar veke ved NAV, der dei m.a. tek opp saker som har med økonomisk sosialhjelp å gjere. Vi fekk da innblikk i korleis vanskelege saker vert lagt fram for fleire sakshandsamarar og korleis dei vurderte kva det ville vere rimeleg at NAV bidrog med.

Revisor har sett på 14 klientmapper, og sett gjennom ei eller fleire saker pr. klient. I åra 2005-2007 har det i snitt vore 99 klientar kvart år. Sjølv om vi har sett på eit mindretal mapper, meiner vi det er nok til å få eit innblikk i korleis sakene skrivast. Formålet med gjennomgang av klientmapper har vore å undersøke om sakshandsaminga synast å vere i tråd med retningslinene, slik desse kjem fram i rundskriv I- 34/01³. Utvalet er gjort slik at fleire sakshandsamarar er representert.

Revisor har henta ut rapportar frå kommunen sitt rekneskapssystem Agresso og NAV sitt system for klientutbetalingar, Velferd. Vi har vidare henta KOSTRA- tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) og generell informasjon om NAV på www.nav.no.

For å kunne seie noko om dei høge utgiftene til økonomisk sosialhjelp, er det naudsynt å samanlikne Vinje kommune med andre samanliknbare grupper. Vi har vald å samanlikne Vinje med fleire;

- Tokke kommune, som høyrer til i samme KOSTRA- gruppe
- Eit gjennomsnitt av alle kommunar som er i KOSTRA- gruppe 3
- Eit gjennomsnitt av alle kommunane i fylket
- Eit gjennomsnitt av alle kommunar i landet

Det har vidare vore ein generell gjennomgang av aktuelle dokument i saka for å innhente naudsynte opplysningar. Dette gjeld interne dokument som t.d. plan for verksemda og relevant regelverk.

2.2 Kvalitetssikring

Rapporten er sendt til Vinje kommune ved rådmannen og lokal NAV leiar, for å kvalitetssikre faktaopplysningar og for å gje administrasjonen moglegheit til å gje kommentarar til innhaldet før politisk handsaming. Rapporten er sendt til ordførar til orientering.

Vi har den 6. oktober mottatt tilbakemelding frå rådmannen, der han skriv at Vinje kommune ikkje har kommentarar til rapporten slik han ligg føre.

³ Iflg. ein tilsett ved NAV fungerer dette rundskrivet som ei handbok for sakshandsamar

3 Revisjonskriterium

Med revisjonskriterium meinast dei krav og forventningar som revisjonen målar fakta opp imot. For den fyrste problemstillinga er revisjonskriteria å finne nedanfor.

For den andre problemstillinga, som er av beskrivande art, nemner vi nokre årsaker til kvifor det kan vere høge utbetalingar til økonomisk sosialhjelp. Disse moglege årsakene er ikkje revisjonskriterier i vanleg forstand, dvs. at vi ikkje gjer nokon vurderingar på denne problemstillinga, men heller kommenterar kva slags årsaker det er grunn til å legge vekt på.

3.1 Er sakshandsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i tråd med lovverket?

Forvaltningslova gjeld for sakshandsaming innan sosialtenesta. Vedtak om tildeling av økonomisk sosialhjelp reknast som enkeltvedtak. Forvaltningslova set krav til sakshandsaming og vedtak, m.a.

- ✓ at saka skal vere utgreia så godt som mogleg før vedtak gjerast
- ✓ at vedtaket skal grunngjevast (unntak når ein søknad vert innvilga og det ikkje er grunn til å tru at nokon part er misfornøgd med vedtaket)

Sosialtenestelova regulerar sosialtenesta si verksemd. Rundskriv I 34/2001 "Sosialtenestelova kapittel 5" gjev føringar og rettleiing i det praktiske arbeidet med tildeling av økonomisk stønad, utmåling av stønaden, og elles det som gjeld ved sakshandsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp.

Økonomisk stønad etter sosialtenestelova er ei skjønsmessig yting, jfr. sosialtenestelova § 5-1, 1.ledd. Sosialtenesta har både rett og plikt til å utøve skjønn når den vurderar om det skal gjevast stønad, og ved utmåling av stønaden. Det skal vere ei individuell og konkret vurdering, og støtte skal gjevast med sikte på å hjelpe brukarane til å bli sjølvhjelpne. Økonomisk sosialhjelp kan innvilgast etter to ulike vilkår. Det mest vanlege er bidrag gjeve etter § 5.1, som er hjelp til nødvendig livsopphald. Dersom ein ikkje kan gje støtte etter dette vilkåret, skal ein alltid vurdere å gje støtte etter § 5.2, støtte til særlege utgifter.

Sosialtenestelova og rundskrivet set krav og gjev føringar for korleis sakshandsaminga skal vere, m.a.

- ✓ søknader skal avgjerast etter ei konkret og individuell vurdering (rett og plikt til å utøve skjønn)
- ✓ stønaden skal utmål last på grunnlag av ei konkret vurdering av den enkelte sine faktiske behov
- ✓ det skal gjerast ei konkret vurdering av søkaren sine inntekter og inntektsmoglegheiter
- ✓ det kan settast vilkår ved stønadsutbetaling; desse må ha nær samanheng med vedtaket og ikkje urimeleg begrense stønadmottakaren sin handle- eller valfridom.
- ✓ grunngjeving for vedtak er ein viktig rettsikkerhetsgaranti, fordi grunngjevinga visar kva slags vurderingar som ligg til grunn og om det er gjort ei konkret og individuell vurdering

Lova gjev inga rettleiing om nivået på økonomisk sosialhjelp. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjev retningsliner⁴ for utmåling av stønad til livsopphald; rettleiande satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp. Satsane skal dekke utgifter til dagleg

⁴ Rundskriv A -36/2007

livsopphald. Utgifter knytt til m.a. bustad inngår ikkje i standardsatsane, men må vurderast særskild i kvart tilfelle.

Revisjonskriteriet blir:

Sakshandsaminga skal vere slik at krava i forvaltningslov, sosialtenestelov og relevante rundskriv vert følgd.

3.2 Moglege årsaker til at det er høge utgifter til økonomisk sosialhjelp

Kommunar vert sortert i KOSTRA, slik at kommunar som ”liknar på kvarandre”⁵ vert plassert i same KOSTRA- gruppe. Ein kan difor tenke seg at eit gjennomsnitt av kommunane i denne gruppa utgjer eit ”normalresultat” for dei ulike nøkkeltala.

Det er eit standardisert opplegg for korleis kommunar skal registrere utgifter, både type utgifter (artar) og kva slags tenester som vert produsert (funksjonar). Funksjonsbegrepet er uavhengig av korleis tenestene er organisert.

Økonomisk sosialhjelp vert rapportert på funksjon 281. Alle utgifter som har heimel i lov om sosiale tenester, kapittel 5, er økonomisk sosialhjelp og skal førast på denne funksjonen. Det står og i KOSTRA- veiledaren at ”kommunen bør sikre samsvar mellom regnskapsføring og registrering av økonomisk sosialhjelp i klientregistreringen”.

Vi veit at Vinje skil seg frå ”normalen”, ved at dei har høgare sosiale utbetalingar enn samanliknbare kommunar/ grupper. Vi ynskjer å finne årsaker til dette, og vil komme inn på fleire faktorar som kan virke inn på kor mykje ein kommune må betale i økonomisk sosialhjelp.

- innbyggerane sine behov
- levekåra i kommunen

Vi vil og komme inn på andre tilhøve, slik som:

- feil rapportering av KOSTRA- tal
- tilhøve ved det lokale NAV- kontor

4 Fakta og funn

4.1 Er sakshandsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i tråd med lovverket?

Ansvar og oppgåver

Med NAV- reforma blir tenester knytt til tidlegare aetat, trygdekontor og kommunen sitt sosialkontor samla i eit felles kontor. NAV Vinje blei etablert 1.desember 2007. Hovudmåla med NAV- reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad, gjere det enklare for brukarane og tilpasse tenestene etter brukarane sine behov, samt skape ein heilheitleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning⁶.

Sosialtenesta kan gje opplysningar og rettleiing om regelverk. Dette gjeld m.a.⁷:

- ✓ Opplysningar om sakshandsamingsreglar, klageadgang og sakshandsamingstid
- ✓ Hjelp til å fylle ut søknader

⁵ Folkemengde, bundne kostnader pr innbygger og frie disponible inntekter pr innbygger

⁶ www.regjeringen.no

⁷ www.nav.no

- ✓ Informasjon om andre ytingar du kan ha krav på (t.d. etter folketrygdlova)
- ✓ Informasjon om bustadspørsmål (formidling av hus til leige, kontraktar, reglar for søknad om bustøtte kommunalt og statleg)
- ✓ Opplysningar om arbeidsformidling og rettleiing knytt til jobbsøking
- ✓ Informasjon om barnehagar og skular, familierådgeving
- ✓ Henvisning og informasjon i høve til helseproblem
- ✓ Opplysningar om økonomisk rådgeving
- ✓ Råd og rettleiing til rusmisbrukarar og deira pårørande

I plan for verksemda 2008 står det at

”en hovedutfordring for vårt kontor er å samkjøre arbeidsoppgavene i det nye NAV kontoret ved kompetanseoverføring, men samtidig med at fagpersonell kan videreutvikle sine faglige kunnskaper og utnytte de til det beste for brukerne.”

Videre står det at

”kulturbygging og samhandling på tvers av fag vil være svært viktig for NAV Vinje i 2008. Det er derfor viktig at leder legger til rette for tiltak som kan fremme kulturbygging i løpet av 2008.”

Det kjem vidare fram at det skal utarbeidast lokal rutinehåndbok for NAV Vinje.

Organisering

Ved NAV kontoret er dei tilsette delt inn i to team, eit rettleiingsteam med tre personar som etter ”turnus” sitt i mottaket. I tillegg er det eit oppfølgingsteam med fem personar inkludert leiar.

Dei tilsette ved NAV har sin bakgrunn frå det som tidlegare var sosialkontoret i kommunen, frå aetat i Tokke kommune (som tidlegare var eit regionkontor for området) og frå trygdekantoret i Vinje. I samsvar med reforma skal dei tilsette lære kvarandre sine arbeidsfelt, slik at brukarane skal ha ein person å forhalde seg til, uavhengig av kva slags tenester det gjeld innanfor NAV. NAV Vinje er i ein omstillingsfase og dei reknar med å vere fullt etablert 1. januar 2009.

Alle tilsette ved NAV- kontoret kan i utgangspunktet fatte vedtak om økonomisk sosialhjelp, men det er berre dei som er tilsett i kommunen som kan attestere eller tilvise utbetalingane. Det har vore diskutert om dette bør endrast, fordi det enkelte gonger er nødvendig at fleire kan tilvise, t.d. ved ferieavvikling. Rådmannen i Vinje har instruksjonsrett overfor den delen av verksemda ved NAV som har med oppfyljing av lov om sosiale tenester å gjere, inkludert tilvisingsrett innanfor økonomisk sosialhjelp.

Bemanning

Bemanninga ved NAV består av leiar og sakshandsamarar/ rettleiarar. Blant dei tilsette har fleire relevant formell kompetanse, t.d. som sosionom, barnevernspedagog og førskulelærar. Fleire har lang erfaring innan sine tidlegare fagfelt, medan to er nytilsette i 2008.

Totalt er det pr. 1. september 7,6 årsverk ved NAV i Vinje. Det har vore ei auke i bemanninga på 0,6 årsverk frå 1. september 2008, og det vil bli ei ytterlegare auke på 0,4 årsverk. I tillegg har det i 2008 vore leigd inn to personar ekstra, desse har avtale til 1. november 2008.09.25 Utover dette har Vest- Telemark kommunane i samarbeid ein gjeldsrådgjevar på ”deling”. Det vert elles gjeve gjeldsrådgeving av dei som arbeider i mottaket.

Årsverk i sosialtenesta- KOSTRA- data 2007

| | Vinje | Tokke | Gjennomsnitt gruppe 3 | Gjennomsnitt Telemark | Lands gjennomsnitt |
|---|-------|-------|--------------------------|--------------------------|-----------------------|
| Årsverk i sosialtenesta | 2,0 | 2,20 | 3,02 | 9,33 | 13,04 |
| Årsverk i sosialtenesta pr. 1000 innbyggerar | 0,55 | 0,93 | 0,92 | 1,01 | 1,19 |

Vi ser at årsverk i sosialtenesta målt pr 1000 innbyggerar, viser at Vinje har vesentleg lågare bemanning enn kommunane ein kan samanlikne seg med.

Rutinar ved sakshandsaming

Alle som søker om økonomisk stønad må fylle ut eit standard søknadsskjema, der dei må gje opplysningar om personalia, inntekter, utgifter, evt. formue og gjeld samt beskrive kva det søkjast om hjelp til. Søkjaren skal sjølv fylle ut søknaden. Det er viktig at den er underskrive, fyrst da er den gyldig. Ikkje alle greier å fylle ut dette, dei må da få hjelp. All lønn må dokumenterast, oversikt over alle trygdeutbetalingar kan NAV hente opp for den enkelte. NAV har ikkje sjølv oversikt over kven som får bustøtte frå Husbanken, men dette får dei lister på kvar månad frå tenestetorget.

Det mest vanlege er å gje hjelp etter § 5-1 i sosialtenestelova, dette er hjelp til nødvendig livsopphald. Men det kan og vere aktuelt å gje hjelp etter § 5-2, som er hjelp til særlege utgifter. Dette kan t.d. vere ved skulestart, høgtider, til særskilt fritidsutstyr, til samver med egne barn eller andre særlege utgifter. Dersom økonomisk støtte ikkje kan gjevast etter § 5.1, skal sakshandsamar alltid vurdere å gje støtte etter § 5.2.

Nødhjelp gjeld kun for ei kort tid og det er ein låg sats. For nødhjelp er det kortare sakshandsamingstid, det betyr at det blir mindre tid til å innhente dokumentasjon. Ei bankutskrift som visar tom bankkonto er i utgangspunktet nok grunnlag for å få nødhjelp. Det vert elles gjeve økonomisk sosialhjelp i ulike situasjonar; det kan vere til personar som står heilt utan inntekt, som supplement til dei som har låg inntekt, og det vert gjeve forebyggande til personar som er i ein vanskeleg livssituasjon.

NAV har møte ein gong i veka er dei gjennomgår enkeltsaker innan sosialområdet. Dette er med på å sikre likebehandling av klientar og kompetanseoverføring internt på NAV- kontoret.

Ved sakshandsaming brukar dei vilkår når det er aktuelt, dette gjeld særleg vilkår om at klienten skal vere tilmeldt NAV lokalt eller ta imot tilvist arbeid og vilkår om at klienten skal legge fram kvittering for betalte utgifter.

Kommunen har egne retningslinjer for prioritering ved tildeling av kommunale bustader. Alle søknader om slik bustad skal leverast til tenestetorget, medan det er eit felles tiltaksteam som tildelar bustad til dei som ikkje kan skaffe seg egne husvære. Husleiga i dei kommunale bustadene er subsidiert med 30% dei fyrste tre åra, deretter er det full leige.

NAV Vinje har ingen egne retningslinjer for handsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp og stønadsberekning, utover det som er gjeve i lovverket.

Alle vedtak om økonomisk sosialhjelp inneheld opplysningar om ankemoglegheiter. Vedtaka er ikkje offentlege. Desse to tilhøva ligg inne i malen som vert nytta ved sakshandsaminga.

Vedtak om tildeling av økonomisk sosialhjelp er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Klager vert sendt fylkesmannen for avgjerd. Det er pr. september 2008 ei klage til handsaming.

Stønadsberekning

NAV Vinje nyttar statens rettleiande satsar for utmåling av stønad til livsopphald. Desse retningslinene vert gjeve ut av Sosial- og helsedepartementet med jevne mellomrom, ettersom dei vert prisjustert. Satsane for livsopphald omfattar utgifter til det løpande, daglege livsopphaldet; mat og drikke, klede og sko, hushaldningsartiklar og hygiene med meir, fjernsynslisens, avis og telefon, fritidsaktivitetar, fritidsutstyr til barn og reiseutgifter ved bruk av offentleg kommunikasjon i samband med daglege gjeremål.

Det er ingen politiske eller administrative føringar på kva utgifter ein kan dekke i tillegg til dei rettleiande satsane, eller kva slags inntekter som skal reknast med i berekninga. Dette er skjønsmessig i kvar enkelt sak.

Utgifter og inntekter skal dokumenterast. Det overordna målet med sosialhjelp er at brukaren skal bli sjølvhjelpen. Men all økonomisk sosialhjelp skal gjevast etter ei konkret og individuell vurdering; hjelpa skal tilpassast brukaren. Det vert gjeve hjelp til husleige eller til renter på eige huslån, men ikkje til avdrag. Det vert likeeins gjeve hjelp til forsikring for innbu og brann. I utgangspunktet vert det ikkje gjeve noko til bilhald, men dersom det kan bidra til at klienten vert sjølvhjelpen kan det likevel gjevast.

Alle inntekter skal reknast med ved stønadsberekninga, dvs. alle typar trygd og kontantstøtte. Da må og alle typar utgifter reknast med, t.d. må utgifter knytt til barn reknast med når barnetrygd tas med. Elles vert rundskriv I- 34/2001 nytta ved stønadsberekning. Utrekning av økonomisk sosialhjelp er elles basert på skjønn, det er den enkelte sakshandsamar som må berekne kva den enkelte har krav på, og det vert her tatt omsyn til livssituasjonen til den enkelte. I mange saker vert stønaden rekna ut manuelt, men klientsystemet kan og berekne dette ut frå kva opplysningar ein legg inn.

Rettleiar ved NAV opplyser at det er få personar som lever av rein sosialhjelp aleine, det gjeld mogleg rundt fem personar som da får standard sats for livsopphald samt dekt bukostnader utenom.

Vi kan sjå av KOSTRA- tal at nokon typer utgifter vert dekt i tillegg til dei rettleiande satsane i Vinje, i motsetnad til Tokke. Dette gjeld reiseutgifter og utgifter til fritidsaktivitetar.

Klientsystem og utbetaling

I klientsystemet "Velferd", som vart tatt i bruk høsten 2007, vert type utgift kategorisert før utbetaling. For personar som ikkje har nokon inntekter over lang tid, kan vedtak om stønad til livsopphald og evt. dekning av husleige gjerast for fleire månader om gongen. Ved disponeringsproblem kan det gjerast vedtak om utbetaling pr. veke. Det er og mogleg å gje rekvisisjon på varer eller tenester, men dette er ikkje vanleg å nytte.

Ved utbetaling av økonomisk sosialhjelp er hovudregelen at pengane vert utbetalt til klient som sjølv må disponere bruken av dei. NAV betalar og rekningar direkte til kreditor, t.d. for straum, husleige eller NRK- lisens.

Klientar kan på frivillig basis inngå avtale om at NAV skal disponere trygda deira. Dette vert gjort for nokre få klientar i dag. Det finst og heimel for å tvangsdisponere trygd, det gjeld i dei tilfella der ein klient over tid har synt at han ikkje kan disponere midlar. NAV Vinje har ikkje hatt nokon klientar under tvungen disponering i 2006, 2007 eller så langt i 2008.

Gjennomgang av klientmapper

Vi har sett på 19 saker, som gjeld søknad om økonomisk sosialhjelp i 2008. Det er felles arkiv for alle saker innan NAV, men saker som gjeld økonomisk sosialhjelp er merka særskild slik at dei er lette å skilje ut. Arkivet er ikkje heilt komplett enno.

Hovudinntrykket er at det er noko skilnad på kor grundige sakene er skrive. I ein del saker er det ei økonomisk oversikt med utgreiing om inntekter og utgifter (delt pr. månad) og utrekning i høve til kommunal norm. Dersom brukaren har eit overskot i høve til dette, vert ei tildeling etter § 5.1 avslege. Nokre saker inneheld meir saksopplysningar enn andre, og det er da lettare å sjå at det har vore ei konkret og individuell vurdering. I enkelte tilfelle er det lite dokumentasjon i mappa, få saksopplysningar i saken og inga grunngjeving i vedtaket.

I nokre tilfelle er ikkje søknadsskjemaet underskrive av søkjar. I nokre saker kan det vere vanskeleg å vite om det er gjeve støtte etter § 5.1 eller § 5.2. I fleire tilfelle er sjølve søknadsskjemaet mangelfullt utfylt. Det kan skuldast at fleire av klientane er "kjente" og at dei naudsynte opplysningane er dokumenterte i tidlegare søknader.

I nokre tilfelle er det stilt vilkår om at brukar skal legge fram kvitteringar i ettertid, dvs. når det som det vert gjeve midlar til er kjøpt inn. I nokre saker kan vi ikkje sjå at dette er lagt fram, dokumentasjonen er ikkje å finne i saksmappa.

4.2 Moglege årsaker til at det er høge utgifter til økonomisk sosialhjelp

Innbyggerane sine behov

Vi ser av tabellen nedanfor at andelen arbeidsledige er lågare i Vinje enn i kommunar/ grupper ein kan samanlikne seg med. Når det gjeld andelen arbeidsledige 25- 66 år, er denne marginalt større i Vinje enn i Tokke, men for begge kommunane er andelen vesentleg lågare enn dei andre gruppene ein kan samanlikne seg med. Det betyr at i større grad enn elles har folk som bur i Vinje arbeid.

Kommunen har høgare andel innvandrere enn Tokke, men er likevel på nivå med dei andre kommunane i samme KOSTRA- gruppe. Elles har kommunen vesentleg lågare andel innvandrere enn gjennomsnittet både i Telemark og landet ellers.

Kommunen har lågast andel einslege forsørgerar med stønad frå folketrygda. Andelen uførepensjonistar blant innbyggerar 16- 66 år er og lågare i Vinje enn i nabokommunen, og lågare enn snittet både i eiga kommunegruppe, i Telemark og landet elles.

Nøkkeltal frå KOSTRA sin behovsprofil 2007

| | Vinje 2007 | Tokke 2007 | Gjennomsnitt gruppe 3 | Gjennomsnitt Telemark | Landsgjennomsnitt |
|---|------------|------------|-----------------------|-----------------------|-------------------|
| Andel arbeidsledige 16- 24 år | 0,7 | 1,1 | 1,5 | 1,7 | 1,2 |
| Andel arbeidsledige 25- 66 år | 0,9 | 0,8 | 1,5 | 1,2 | 1,2 |
| Andel innvandrers ⁸ befolkning | 5,0 | 3,8 | 4,9 | 7,4 | 9,7 |
| Andel einslege forsørgerar med stønad frå folketrygda | 1,5 | 1,8 | 2,1 | 2,3 | 2,2 |
| Andel uførepensjonistar 16- 66 år | 9,9 | 11,7 | 12,0 | 13,5 | 10,2 |

⁸ Innvandrere omfattar fyrstegenerasjonsinnvandrere utan norsk bakgrunn og andregenerasjonsinnvandrere

Flyktningarbeid vert finansiert med statleg integreringstilskot i busettingsåret og dei fire påfølgande år. Nye flyktningar som kjem skal gjennom eit introduksjonsprogram. Dei mottek da introduksjonsstønad, som vert utbetalt over lønssystemet. Denne får dei så lenge dei følgjer introduksjonsprogrammet, som regel i 2 år. Programmet kan forlengast i spesielle tilfelle.

Det ser ikkje ut til at kommunen har tatt imot mange flyktningar dei siste åra. I 2005 kom det tre personar, etter dette har det ikkje komme nokon før våren 2008, da det kom ein person på familiegjenforening.

Introduksjonsstønaden er for mange ikkje tilstrekkeleg til å dekke buutgifter og vanlege leveomkostningar. Det kan difor vere naudsynt med supplerande stønad etter sosialtenestelova.

Følgande står på kommunen si heimeside⁹:

”Vinje har i 20 år hatt somaliarar i kommunen, og alle er godt integrerte. Ingen av dei ca. 40 somaliarane er passive mottakarar av sosialstønad. Alle dei unge fullfører vidaregåande skule og dei fleste er aktivt med i fritidsaktivitetane som finnast i kommunen. Kommunen har og flyktningar frå Liberia og Bosnia.”

Ein artikkel¹⁰ visar at det i 2002 var 2,8% av befolkninga som mottok sosialhjelp. To av ti sosialhjelpsmottakarar dette året hadde innvandringsbakgrunn. Dette utgjør vel 9% av den totale innvandrarbefolkninga. Det er difor generelt ein høgare andel blant innvandrerane som mottek sosialhjelp enn i befolkninga som heilhet.

Levekåra i kommunen

Statistisk sentralbyrå gjev kvart år ut ein indeks for levekårsproblem. Formålet er å samanlikne kommunane med omsyn til omfanget av sosiale problem. Indeksen bygger på sju indikatorar, dette er sosialhjelp, dødeleghet, uføretrygd, attføringspengar, arbeidsledige, overgangsstønad og låg utdanning. Når desse sjåast samla, skal dei gje eit representativt uttrykk for dei sosiale problema i kommunen. I indeksen er 1 beste resultat, medan 10 er dårlegast.

Indeks for levekårsproblemer 2000

| | Vinje | Tokke | Seljord | Kviteseid | Nissedal | Fyresdal | Tinn | Hjartdal |
|----------------|-------|-------|---------|-----------|----------|----------|------|----------|
| Levekårsindeks | 4,7 | 5,6 | 5,7 | 4,6 | 5,3 | 5,0 | 7,4 | 5,0 |

Vi ser at i 2000 så kjem kommunen godt ut i denne levekårsberekninga, samanlikna med ei rekke kommunar i nærområdet.

Indeks for levekårsproblemer 2007

| | Vinje | Tokke | Seljord | Kviteseid | Nissedal | Fyresdal | Tinn | Hjartdal |
|----------------|-------|-------|---------|-----------|----------|----------|------|----------|
| Levekårsindeks | 5,3 | 4,8 | 6,0 | 4,2 | 4,8 | 4,2 | 7,5 | 4,0 |

Sju år seinare ser vi at biletet er eit anna, og det er fleire kommunar som nå kjem betre ut enn Vinje i samanlikninga. Indeksen syner at omfanget av sosiale problem har auka i sjuårsperioden.

⁹ Pr. 2. september 2008

¹⁰ SSB: ”Sosialhjelp og innvandrere- Mest hjelp til å etablere seg

Moglege feil knytt til rapportering av KOSTRA- tal

Ved kontering av utbetalinger til økonomisk sosialhjelp vil ressursbruken bli registrert i kommunen sitt rekneskapssystem. I rekneskapssystemet kan vi gjennom ei rekke spørringar, finne ut kor mykje midlar kommunen har bruka til økonomisk sosialhjelp. KOSTRA- tala om økonomisk sosialhjelp er henta frå NAV Vinje sitt klientsystem.

Vi har nytta kommunen sitt rekneskapssystem "Agresso" og prøva å finne ut om noko kan vere feilført, dvs. om utgifter er belasta funksjon 281 når det er grunn til å tru at dei ikkje høyrer til der.

Utbetalinger registrert på funksjon 281 i kommunen

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 (pr. 16. september 08) |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------------------------|
| Økonomisk sosialhjelp (både bidrag og lån) | 3 534 527 | 4 443 213 | 4 693 162 | 3 074 564 |

Vi har funne at det dei ulike åra er gjort enkelte føringar som sannsynlegvis er feil. På funksjon 281 er det lite truleg at det skal nyttast artar mellom 010 og 399, fordi dette er utgifter som har med lønn og innkjøp av varer og tenester å gjere. I 2005 er funksjon 281 belasta med om lag 77 000 kroner i slike utgifter. Dette beløpet inngår da i totalsummen for 2005 i tabellen ovanfor. I 2006 og 2007 er det registrert svært lite av slike utgifter på funksjon 281. Innhaldet i funksjon 281 har vore uendra i perioden vi nå ser på.

Totalkostnader alle klientar, registrert i klientsystemet

| | 2005 | 2006 | 2007 |
|-----------------------|-----------|-----------|-----------|
| Økonomisk sosialhjelp | 3 721 278 | 4 440 352 | 4 752 882 |

I klientsystemet "Velferd" er det registrert totale utgifter pr klient, og utgiftene er meir detaljert spesifisert, t.d. utgifter etter § 5.1, etter § 5.2, nødhjelp, straum/ oppvarming, lån, husleige, livsopphald osv. I utgangspunktet bør registrerte totale utbetalinger i klientsystemet samsvare med registrerte utgifter på funksjon 281 i kommunen sitt rekneskap.

I klientsystemet er det tatt inn nokre utgifter til institusjon rusomsorg. Dette høyrer ikkje til på funksjon 281 i rekneskapet, slik at tala i den fyrste tabellen sannsynlegvis ikkje vil innehalde desse. Dette gjeld 53 652 kroner i 2005 og 7 110 kroner i 2006, som såleis er inkludert i totalsummane i klientsystemet, medan dei ikkje er med i tilsvarande tal i kommunen sin rekneskap I 2007 var det ikkje registrert nokon slike utgifter i klientsystemet.

Bustøtte frå Husbanken vert betalt etterskotsvis, og i nokon tilfelle har NAV forskottert bustøtte for klientar. Denne utbetalinga vert registrert i klientsystemet som ei utgift. I kommunen sitt rekneskap vert utbetalinga og registrert som ei utgift, men pengane vert inntektsført mot funksjon 281 att når dei vert utbetalt frå Husbanken. Vi har funne slike bustøtteføringar både i 2005, 2006, 2007 og i 2008 (pr. 16. september). Det gjeld ikkje store beløp.

NAV har ikkje rutiner for avstemming av klientsystem mot rekneskap. Vi har likevel ikkje funne betydelege avvik mellom tal rapportert til KOSTRA frå klientsystema og frå rekneskapen.

Kommunale bustader

Kommunalt disponerte bustader 2007

| | Vinje | Tokke | Gjennomsnitt gruppe 3 | Gjennomsnitt Telemark | Gjennomsnitt alle kommunar |
|--|-------|-------|--------------------------|--------------------------|-------------------------------|
| Kommunalt disponerte bustader pr 1000 innbyggerar | 27 | 34 | 27 | 23 | 20 |
| Andel bustader tildelt vanskelegstilte | 8,3 | 5,6 | 8,2 | 12,6 | 22,6 |
| Beløp pr måned pr husstand i statleg bustøtte frå Husbanken | 1 301 | 1 232 | 1 498 | 1 658 | 1 914 |
| Antal husstandar tilkjent statleg bustøtte frå Husbanken pr 1000 innbyggerar | 6 | 16 | 21 | 25 | 21 |

Kommunen disponerte i 2007 27 bustader pr. 1000 innbyggerar. Det er noko mindre enn Tokke kommune som disponerte 34 bustader pr. 1000 innbyggerar, men likevel på samme nivå som kommunar i eiga KOSTRA- gruppe. Alle bustadene som kommunen disponerar er eigd av kommunen.

Kommunen tildelte 8,3% av desse bustadene til personar som er økonomisk eller sosialt vanskelegstilte. Dette er noko mindre enn Tokke kommune, men på linje med nivået i eiga KOSTRA- gruppe.

Andre tilhøve

Lokal NAV- leiar har i møte med revisor komme med andre forklaringar til kvifor det er høge sosiale utbetalingar.

For det fyrste meiner han at det generelt er ein del problem med alkoholisme i kommunen. Dette kan lett føre til sosiale problem, slik at ein kjem i ein livssituasjon der ein treng sosialhjelp.

Ein annan grunn kan vere at arbeidsmetodikken ved sosialtenesta kanskje ikkje har vore god nok. Det har vore låg bemanning gjennom fleire år, og med det har det sannsynlegvis vore for lite fokus på rådgjeving og oppfølging av brukarane. Ein kan seie det slik at det er lettare å seie ja til ein søknad enn å seie nei, og med lite bemanning har ein kanskje ikkje tid til å ta diskusjonane som kjem med brukarane om ein har ei strengare line for utbetalingar. Dette kan og sjåast i sammenheng med den gode økonomien som har vore i Vinje kommune, og at dette truleg og har hatt noko å seie for storleiken på utbetalingane til økonomisk sosialhjelp.

Det har vidare vore stilt for lite krav til brukarane. Ein grunn til dette er at det ikkje har vore kultur for dette blant dei tilsette. Det kan og ha vore for lite fokus på å få brukarane over på aktivitetsretta tiltak. Dette har betra seg etter at NAV vart etablert, m.a. fordi NAV Vinje da fekk oppgåver utført av tidlegare aetat, som var lokalisert på Dalen, inn i sosialtenesta i Vinje. Dei tilsette er nå flinkare til å få brukarar det er aktuelt for over på attføring/ trygd, annan aktivitet, evtnt. det nye kvalifiseringsprogrammet. Dette er i tråd med hensikten kring økonomisk sosialhjelp; det er ei midlertidig og subsidiær yting, der målet er å få brukarane meir sjølvhjelpne.

Ei anna forklaring kan vere at det tradisjonelt er utøvd eit romsleg skjønn ved stønadsberekninga. Det er ingen politiske eller administrative føringar på kva utgifter ein kan dekke eller kva slags inntekter som skal reknast med i berekninga. Dette er skjønnsmessig i kvar enkelt sak. NAV Vinje har valgt å nytte økonomisk sosialhjelp som eit forebyggande tiltak i nokon tilfelle.

I følge NAV- leiaren vil utgiftene i 2008 bli lågare enn i 2007. Det er fleire forklaringar på dette. Bemanninga har blitt styrka, og dei tilsette har blitt flinkare til å få brukarar over i ein eller annan form for aktivitet, t.d. bruk av kvalifiseringsprogrammet. Det vert meir tid til å yte rådgeving til brukarane og med det bidra til at dei ikkje er passive mottakarar av sosialhjelp.

NAV Vinje vil arbeide aktivt vidare for å få på plass ein ny arbeidsmetodikk, og for å tilpasse seg nye krav som kjem som følge av NAV- reforma.

5 Revisor sine vurderingar og kommentarar

5.1 Er sakshandsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i tråd med lovverket?

Det er den enkelte sakshandsamar som avgjer kva slags stønad som skal gjevast og berekninga av denne. Revisor har sett på om sakene fyller krava i rundskriv og i høve til forvaltningslova generelt. Det vil mellom anna seie om det er gjort ei konkret og individuell vurdering, om det finst dokumentasjon på utgifter og om søknadsskjema er underskrive og datert. Kort sagt at saka skal vere opplyst så godt som mogleg og at vedtak skal vere begrunna.

Vi har funne at det i enkelte tilfelle manglar dokumentasjon på utgifter, og at klientar som blir bedt om å vise kvitteringar i ettertid, ikkje synast å ha gjort dette, sidan desse ikkje er å finne i saksmappa. Vidare er nokre søknadsskjema mangelfullt utfylt eller manglar underskrift.

I NAV- systemet er det slik at alle tilsette skal vere sakshandsamarar overfor klientar, både dei som sitt i mottaket og dei som sitt i oppfølgingsteamet skal om nødvendig fatte vedtak om sosialhjelp. Dei tilsette skal lære kvarandre sine fagfelt, slik at brukaren kan forhalde seg til ein person anten det gjeld arbeidssøkjartenester- økonomisk sosialhjelp eller tildeling av trygdeytningar.

Sidan NAV er nyoppretta har kanskje ikkje den kompetanseoverføringa som er naudsynt for dette skjedd enno. Dette gjev seg utslag i at nokon saker synast å vere betre greid ut, har betre grunngevingar for vedtak og meir dokumentasjon enn andre saker.

5.2 Moglege årsaker til at det er høge utgifter til økonomisk sosialhjelp

Det er truleg fleire årsaker til dei høge utbetalingane til økonomisk sosialhjelp.

KOSTRA- tala visar at det er relativt fleire sosialhjelpsmottakarar i Vinje enn i sammenlikningskommunane, det gjeld og i høve til gjennomsnittet i Telemark og landet elles. Samtidig er det færre personar med sosialhjelp/ introduksjonsstønad som hovudinntektskjelde i Vinje. Det tyder kanskje på at mange av dei som får økonomisk sosialhjelp i Vinje, i utgangspunktet har andre inntekter å leve av.

Behovsprofilen for Vinje syner at kommunen har låg arbeidsløyse, dette gjeld særleg blant den yngre delen av befolkninga. I aldersgruppa 25- 66 år er arbeidsløysa om lag den samme i både Tokke og Vinje kommunar, og lågare enn snittet i eiga KOSTRA- gruppe, gjennomsnittet i eige fylke og landsgjennomsnittet. Arbeidsløyse skulle difor ikkje vere nokon særkild årsak til høge utbetalingar av økonomisk sosialhjelp.

Kommunen har derimot ein noko høgare andel innvandrere enn nabokommunen. Andelen innvandrere er likevel på nivå med dei andre kommunane i KOSTRA- gruppa. Vi ser av artikkelen frå SSB at ein generelt kan seie at ein større andel innvandrere treng sosialhjelp enn i befolkninga elles.

Samtidig uttalar kommunen at blant dei som har komme som flyktingar siste 20 år, er det ingen som er passive mottakarar av sosialstønad i dag. Vi legg til grunn at den gruppa kommunen siktar til her, også høyrer til blant dei som er rapportert som innvandrere i kommunen. Dette tyder såleis at det ikkje er nokon grunn til å tru at den høgare andelen innvandrerbefolkning i Vinje skulle ha noko særskild innverknad på dei høge utbetalingane av økonomisk sosialhjelp.

Andelen einslege forsørgarar med stønad frå folketrygda og andelen uførepensjonistar i gruppa 16- 66 år er lågare i Vinje enn i sammenlikningsgruppene. Det er difor heller ikkje grunn til å tru at dette skulle vere ein særskild årsak til utgiftsnivået innan økonomisk sosialhjelp.

Totalt sett ser det difor ikkje ut til at ein ved å sjå på innbyggjarane sine behov, kan finne nokon særskilde årsaker til storleiken på utbetalingane av økonomisk sosialhjelp.

Når det gjeld indeksen for levekår har denne blitt forverra i perioden frå 2000- 2007. Det tyder på at omfanget av sosiale problem har auka i sjuårs- perioden, og kan tale for at behovet for økonomisk sosialhjelp kan ha blitt større.

Dei innrapporterte KOSTRA- tala kjem frå klientsystemet. Vi ser at det bare er små avvik mellom kva som er registrert i kommunen sin rekneskap og i klientsystemet. I det store og heile er dei utgiftene som er registrert på funksjon 281 i rekneskapen plassert rett, dvs. at dei har med utbetalingar av økonomisk sosialhjelp å gjere, jamfør retningslinene i KOSTRA- rettleiaren. Det er difor ikkje grunn til å tru at eventuelle feilføringar av utgifter er ein årsak til høge utgifter til økonomisk sosialhjelp i kommunen sin rekneskap.

Vi ser at husleigene i kommunale bustader er subsidiert dei tre fyrste åra. Vi ser og at i Vinje er ein større andel av dei kommunale bustadene tildelt vanskelegstilte enn i Tokke kommune. Det er såleis ikkje grunn til å tru at høge utgifter på bustadmarknaden skulle vere medverkande til utgiftsnivået på sosiale utbetalingar. På den andre sida ser det ut til at Vinje kommune dekkjer fleire utgifter utover rettleiande sats, enn Tokke kommune (gjeld reiseutgifter og utgifter til fritidsaktivitetar). Dette kan vere ein delårsak til noko av forskjellen i storleiken på dei sosiale utbetalingane mellom desse kommunane.

Vi viser elles til NAV- leiar sine forklaringar på dei høge utbetalingane, sjå punktet ”andre tilhøve” på side 12.

Kjelder

Forvaltningslova av 10.02.67

Lov om sosiale tenester av 13.12.91, nr. 81

Sosial- og helsedepartementet, rundskriv I- 34/ 2001 "Sosialtjenesteloven kapittel 5"
Kommunal- og regionaldepartementet, "Veileder for rapportering om ressursbruk og tjenesteproduksjon i kommuner og fylkeskommuner", hovudveileder 2007

www.ssb.no

www.nav.no

www.kommual-rapport.no

www.husbanken.no

www.vinje.kommune.no

Utskrifter frå Agresso

Klientmapper

VEDLEGG 1